



Sunnfjord
kommune

Vedtekter for kommunale barnehagar

Sunnfjord kommune



Heimel: Fastsett av kommunestyret (18.12.2025) med heimel i lov 19. juni 2020 nr 91 om barnehage (barnehagelova) § 8.

§ 1. Føremål og verkeområde

Barnehagen skal samarbeide med heimen for å ta vare på barna sine behov for omsorg og leik. Samtidig skal barnehagen støtte barna si læring og danning, slik at dei får utvikle seg på ein allsidig måte.

Barnehagen skal bygge på viktige verdiar frå kristen og humanistisk tradisjon. Det handlar om respekt for menneskeverdet og naturen, fridom til å tenke sjølv, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet. Desse verdiane finst i ulike religionar og livssyn, og dei er forankra i menneskerettane.

Barna skal få oppleve skaparglede, undring og lyst til å utforske. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.

Barna skal utvikle grunnleggande kunnskap og ferdigheiter. Dei har rett til å vere med å påverke kvardagen i barnehagen, tilpassa alder og føresetnadar.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne at barndomen har ein eigen verdi. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barn kan trivast, leike, lære og få vere ein del av eit fellesskap.

Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling, og motarbeide all form for diskriminering.

Verkeområdet til vedtektene er å gi informasjon som er viktig for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Sunnfjord kommune sine vedtekter for kommunale barnehagar inneheld generelle reglar om drift og opptak. Kommunestyret, eller den som har fått delegert ansvar, kan endre vedtektene.

§ 2. Eigarforhold

Sunnfjord kommune eig og driv dei kommunale barnehagane.

Det er kommunedirektøren som er ansvarleg for drifta i dei kommunale barnehagane.

§ 3. Medverknad

Barn har rett til medverknad ut frå alder og føresetnadar, og barn sitt syn skal leggast vekt på i barnehagen si daglege verksemd, jf. [barnehagelova § 3](#) første ledd.

Barnehagen skal ha eit:

- a. foreldreråd
- b. samarbeidsutval

Foreldreråd består av alle foreldre i barnehagen. Foreldrerådet sine oppgaver er:

- a. fremme fellesinteressene til foreldre
- b. fremme samarbeid mellom foreldregruppe og barnehage for å skape eit godt barnehagemiljø
- c. kjennskap til og uttale seg om saker som er viktig for foreldra sitt tilhøve til barnehagen
- d. ved avstemming tel ei stemme for kvart barn og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

Samarbeidsutvalet består av to representantar frå foreldrerådet, to representantar frå tilsette og eit medlem oppnemnt av eigar.

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

Styrar/einingsleiar er sekretær for samarbeidsutvalet med møte-, tale- og framleggsrett.

Styrar/einingsleiar har ansvar for at samarbeidsutvalet blir konstituert.

Barnehagar og skular som er samlokalisert eller eit oppveksttun kan ha felles samarbeidsutval. Samansetninga av samarbeidsutvalet skal settast saman etter [§ 4](#) i barnehagelova tredje ledd, men slik at foreldre og tilsette frå både barnehage og skule skal vere representert, jf. [opplæringslova § 10-4](#) første ledd.

§ 4. Barnehageplass

Sunnfjord kommune tilbyr normalt følgande type plassar:

- a. 100 % plass

Dersom det ligg føre tungtvegande grunnar for at barn bør ha ein deltidsplass, vil dette bli vurdert individuelt. Foreldre må sende søknad og legge fram dokumentasjon som underbygger behovet. Opptaksmynde vil gjere ei fagleg vurdering i kvart enkelt tilfelle.

Foreldre kan søke om deltidsplass etter desse vilkåra:

- a. Økonomi
- b. Familiesituasjon
- c. Helsesituasjon

§ 5. Rett til barnehageplass

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det blir søkt om barnehageplass, har rett til barnehageplass frå august, jf. [barnehagelova § 16](#) første ledd.

Barn som fyller eitt år i september, oktober og november det året det blir søkt om barnehageplass, har rett til plass i barnehagen frå den månaden barnet fyller eitt år, jf. [barnehagelova § 16](#) andre ledd.

Barn som er busett i kommunen har rett til barnehageplass. Adresse i kommunen må vere på plass før barnehageplassen blir tatt i bruk.

Dersom barnet er busett i ein anna kommune enn Sunnfjord kommune må det vere inngått ein avtale om finansiering av barnehageplassen mellom Sunnfjord kommune og bustadkommune. Dersom Sunnfjord kommune ikkje får avtale om finansiering av barnehageplassen mister barnet plassen.

§ 6. Barnehageopptak

I Sunnfjord kommune blir det gjennomført samordna barnehageopptak for alle godkjente barnehagar, både kommunale og private barnehagar, jf. [barnehagelova § 17](#).

Det blir gjennomført eitt barnehageopptak våren kvart år. Søknadsfristen for å søke om barnehageplass er 1. februar. Fristar og rutinar blir publisert på heimesida til kommunen.

Tildeling av plassar blir gjennomført i februar/mars. Når du får tildelt plass gjeld det frå august det året barnet startar i barnehagen til barnet startar på skulen. Plassen er bindande til den blir sagt opp eller til barnet startar på skulen. Barnehageåret er frå skulestart i august til skulestart i august året etter.

Søknadar som kjem inn etter fristen, blir behandla etter dei som har søkt innan fristen, og oppfyller kravet til rett til barnehageplass. Barn som har lovfesta rett og som søker etter fristen får tilbod i barnehagar som har ledig plass.

§ 7. Opptakskrets

Sunnfjord kommune er opptakskrets i barnehageopptaket.

§ 8. Opptakskriterium

Barnehageplass blir i hovudsak tildelt etter alder, men det er nokre unntak, jf. andre ledd i vedtektene. Det kan bli gjort ei vurdering etter skjønn ut frå punkta under: jf. § 9 Opptaksmyndigheit:

- a. Fordeling av barn med spesielle behov
- b. Prioritering av søsken
- c. Omsyn til barnegruppa si samansetning
- d. Det blir tatt omsyn til foreldre sine ønsker så langt det er mogeleg

Grupper som blir prioritert i barnehageopptaket:

- a. Barn med nedsett funksjonsevne. Det må utarbeidast ei sakkunnig vurdering som vurderer om barnet har nedsett funksjonsevne, jf. [barnehagelova § 18](#) første ledd.
- b. Barn det er fatta vedtak om etter [barnevernslova § 5-1](#) første ledd bokstav a og d, §§ [3-1](#) og [3-4](#) første ledd bokstav b, jf. [barnehagelova § 18](#) andre ledd.

Barn som søker plass etter andre ledd må legge ved dokumentasjon frå sakkunnig instans som barnevern, helsestasjon, lege eller PPT.

Private barnehagar har eigne opptakskriterium. For å sjå kva opptakskriterium som gjeld, sjå i vedtektene til den private barnehagen. ([Private barnehagar i Sunnfjord kommune](#))

§ 9. Opptaksmynde

Det er kommunedirektør og barnehagemyndigheit som tildeler kommunale plassar og plassane som kommunen disponerer i private barnehagar.

Opptaksmyndigheit kan utøve skjønn ved fordeling av barn mellom barnehagane, jf. § 8 i vedtektene.

§ 10. Saksbehandling

Tildeling av barnehageplassar er eit enkeltvedtak og skal behandlast etter forvaltningslova sine reglar om enkeltvedtak etter ([kapittel IV-VI](#)).

Du får tilsendt eit enkeltvedtak om tildeling og når barnet kan starte i barnehagen. Enkeltvedtaket skal innehalde, jf. [forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage § 3](#):

- a. kva barnehage du har fått tilbod i
- b. rett til å få grunngjeving for avgjerda
- c. rett til klage
- d. klagefrist

Retten til å få orientering, jf. andre ledd, gjeld for søkarar som har søkt om barnehageplass innan søknadsfristen til kommunen.

Dei som har rett til å få grunngjeving for avgjerda til kommunen er søkarar som har fått avslag på søknaden og dei som ikkje har fått tilbod om første eller andre ønske til barnehageplass oppfylt. Retten gjeld dei som har søkt innan søknadsfristen til kommunen.

§ 11. Endring av barnehageplass

Søkarar som har barnehageplass i kommunale barnehagar som ønsker å byte til annan kommunal eller privat barnehage, må søke på nytt ved barnehageopptaket og blir vurdert som nye søkarar.

Foreldre kan søke om permisjon for eitt barnehageår etter desse vilkåra:

- a. alvorleg sjukdom hos barnet

Barnehageplassen kan bli tildelt eit anna barn i permisjonsperioden. Barnet er garantert barnehageplass i Sunnfjord kommune, det er ikkje garantert at barnet får tilbake plass i same barnehage etter permisjonen.

Permisjonen blir normalt innvilga for eitt år frå barnehageåret startar til og med 31. juli.

§ 12. Oppseiing av barnehageplass

Plassen er bindande til plassen blir sagt opp skriftleg eller når barnet startar på skulen. Du treng ikkje sende skriftleg oppseiing dersom barnet nyttar barnehageplassen til skulestart.

Oppseiingstida er på tre månadar, oppseiingsmånaden og dei to påfølgande månadane.

Dersom barnehageplassen blir sagt opp etter 30. april er det betaling for barnehageplassen resten av barnehageåret.

Dersom barnet flyttar frå kommunen i løpet av barnehageåret kan barnet behalde barnehageplassen ut barnehageåret. Frå nytt barnehageår har ikkje barnet barnehageplass i kommunen utan avtale med kommunen barnet er busett i, jf. § 5 fjerde ledd i vedtektene.

§ 13. Betaling for barnehageplass

Betaling for barnehageplass og søskenmoderasjon blir regulert gjennom [barnehagelova § 20](#) og gjeldande [forskrift om foreldrebetaling i barnehager](#). Sunnfjord kommune følger nasjonale satsar for barnehageplass og søskenmoderasjon.

Det er betaling for barnehageplass i 11 månadar per år. August er betalingsfri månad.

Dersom barnehageplassen blir sagt opp må ein betale for oppseiingsmånaden og dei to påfølgande månadane.

Sunnfjord kommune følger nasjonale ordningar for reduksjon i foreldrebetaling, jf. [forskrift om foreldrebetaling i barnehager §§ 3-3e](#).

Foreldre kan søke til kommunen for å få redusert foreldrebetaling. Vedtaket gjeld frå månaden etter at kommunen har motteke søknaden. Urette opplysningar kan medføre at ein må betale ordinær barnehagesats.

Kommunestyret fastsett ein makspris for betaling for mat i barnehagane årleg. I maksprisen er det tilbod om 3 måltid: frukost, lunsj og frukt. Dersom barnehagar har eit anna tilbod skal samarbeidsutvalet fastsette eigen sats for mat i barnehagen. Betaling for mat skal dekke kostpris.

Dersom barnet blir henta etter stengt tid må foreldre betale eit gebyr for kvar påbegynte halvtime. Gebyret blir fastsett av kommunestyret.

§ 14. Opningstider og ferie

Kommunale barnehagar har ope frå måndag til fredag. Barnehagetilbodet blir organisert innanfor ei dagleg opningstid på maksimum 10 timar. Kommunedirektøren fastsett opningstida til kvar barnehage.

Barnehagane er stengt desse dagane:

- a. offentlege helge- og høgtidsdagar
- b. 24. desember
- c. 31. desember
- d. onsdag før påske stenger barnehagen kl. 12:00
- e. 5 planleggingsdagar i løpet av barnehageåret, fastsett av barnehageeigar

Barn i barnehagen skal som hovudregel ha fire veker ferie kvart år. Minimum tre veker skal vere samanhengande innanfor ramma til skulen sin sommarferie – om lag 20. juni til 18. august.

Foreldre skal melde frå til styrar om barnet sin ferie innan 1. april.

Kommunale barnehagar har normalt sommarope. Etter ei vurdering kan styrar i samarbeid med samarbeidsutvalet stenge barnehagen i inntil tre veker samanhengande dersom tal påmeldte er lågt. Det blir avklart innan 1. mai dersom barnehagen skal ha stengt.

Etter ei vurdering frå styrar i samarbeid med samarbeidsutvalet kan barnehagen ha stengt i romjula og/eller måndag, tysdag og onsdag i påskeveka, dersom tal påmeldte barn er lågt. Det kan også bli redusert opningstid.

§ 15. Arealnormer

Følgande arealnормer gjeld for kommunale barnehagar:

- a. 5,3-6 kvm per barn 0-2 år
- b. 4-4,5 kvm per barn 3-6 år
- c. Uteareal skal vere 6 gonger større enn godkjent leike- og opphaldsareal inne.

§ 16. Tilsetting

Tilsette i dei kommunale barnehagane er tilsett i Sunnfjord kommune. Bemanninga i barnehagen skal vere i tråd med [barnehagelova §§ 24-26](#).

Alle som arbeidar og oppheld seg regelmessig i barnehage skal legge fram politiattest, jf. [barnehagelova § 30](#).

Alle tilsette i barnehagen har teieplikt etter [forvaltningslova §§ 13-13g](#), jf. [barnehagelova § 44](#).

Alle tilsette har opplysningsplikt til den kommunale helse- og omsorgstenesta og sosialtenesta og barnevernet, jf. [barnehagelova §§ 45-46](#).

Barnehagen har plikt til å samarbeide med skulen om overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning, jf. [barnehagelova § 2 a](#).

§ 17. Forsikring

Barn som har barnehageplass i kommunale barnehagar er forsikra i:

- a. opphald i barnehagen
- b. aktivitetar i regi av barnehagen
- c. reise til og frå barnehagen

§ 18. Internkontroll

Kommunale barnehagar skal ha internkontroll i samsvar med [barnehagelova § 9](#).

§ 19. Iverksetting og opphøyr

Dei kommunale vedtektene trer i kraft 1. januar 2026.

Vedtektene erstattar tidlegare versjon av kommunale vedtekter i Sunnfjord kommune som blei vedteke 11. desember 2019.